



| 2024

Bevaring av verdifull natur

- ei mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark
i Årdal kommune





Framsida: Dyrhaugstindane helsar morgonsola velkomen ein juli-morgon i Hurrungane.

Foto: Halvor Røssum

© 2024 Statsforvaltaren i Vestland



Rapporten er lisensiert under «Creative Commons Navngivelse – Ikke Kommersiell – Del På Samme Vilkår 3.0 Norge»-lisensen som er gjengitt her:

<http://creativecommons.org/licenses/by-nc-sa/3.0/no/>

Forord

Statsforvaltaren i Vestland har fått i oppdrag å finne ut om det er lokal aksept for å utvide Jotunheimen nasjonalpark i Årdal og Luster kommunar.

Årdal kommune har signalisert at kommunestyret vil behandle spørsmålet om lokal aksept i løpet av hausten 2023. Vi har utarbeidd dette notatet for at kommunestyret skal ha eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag før det tek avgjerda om det ønskjer å setje i gang verneplanprosess for utviding av Jotunheimen nasjonalpark eller ikkje. Eit tilsvarande notat vart sendt til Luster kommune før kommunestyret der behandla saka.

Notatet er utarbeidd av Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren i Innlandet arbeider med ein tilsvarande utvidingsprosess for dei austlegare delane av Jotunheimen.

Dette dokumentet gir ei oversikt over oppdraget Statsforvaltaren i Vestland har fått frå Miljødirektoratet, ei skildring av utgreiingsområda i Årdal kommune, ein presentasjon av naturverdiane og brukarinteressene vi kjenner til i desse områda per no, i tillegg til eit samandrag av skriftlege innspel og møtereferat frå prosessen.

I november 2023 sendte vi fyrste versjon av dette grunnlagsdokumentet til Årdal kommune. Etter dette har vi fått tilsendt fleire innspel frå både grunneigarar og andre, og har difor oppdatert dokumentet. Referat frå det siste møtet vi hadde i prosessen er også inkludert.

Leikanger, 8. april 2024.

Innhald

Forord	3
Innhald.....	4
1. Om oppdraget	5
1.1 Bakgrunn for oppdraget.....	5
1.2 Om prosessen.....	6
1.3 Lokal aksept – for kva område?	7
2. Verknadar av vern	8
2.1 Verneforskrift.....	8
2.2 Forvaltning.....	8
2.3 Skilnadar mellom nasjonalpark og landskapsvernområde	9
2.4 Tiltak i verneområde	10
2.4.1 Tilrettelegging av stiar.....	10
2.4.2 Rundtur på Sognefjellet.....	11
2.4.3 Ny utsiktsrampe ved Vettisfossen.....	11
2.4.4 Tilrettelegging for meir beite – samarbeid med lokalt landbruk.....	12
2.4.5 Restaurering av kulturminne	12
2.5 Erstatning	13
3. Om utgreiingsområda	14
3.1 Kart over utgreiingsområda i Årdal kommune.....	15
3.2 Om verneverdiane i området	15
3.2.1 Villreinen i Vest-Jotunheimen.....	16
3.2.2 Verneområda som økologiske nettverk	17
3.3 Verneverdiar og brukarinteresser i dei ulike delområda	19
3.3.1 Aust for riksveg 55 og Tindevegen, mellom Berdalsbandet og Botnanosi	19
3.3.2 Nord for riksveg 53, mellom Øvre Årdal og Tyinosen, Årdal kommune.....	21
3.3.3 Vestlege sidedalar til Utladalen og området rundt Falketind	22
4. Veggen vidare	23
5. Innspel til prosessen.....	24

1. Om oppdraget

Statsforvaltaren i Vestland har fått i oppdrag å finne ut om det er lokal aksept i Årdal og Luster kommunar for å starte ein formell prosess for utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Dette inneber både å inkludere areal som i dag ikkje er verna, men som ligg inntil Jotunheimen nasjonalpark, men også å endre verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark for delar av Utladalen landskapsvernområde.

Nokre område kan det vere meir naturleg å verne som landskapsvernområde enn som nasjonalpark. Å avklare kva vernestatus som er mest føremålstenleg vil vere ein del av den vidare prosessen, dersom Årdal kommune gir sin aksept til å starte den.

Vi ønskjer å understreke at Årdal kommune kan si ja til å starte verneprosess for nokre delar av utgreiingsområdet, og si nei til å starte verneprosess for andre delar. Dette er det opp til kommunen sjølv å bestemme.

Eit ja til å starte verneprosess er eit ja til å få meir kunnskap om området og kva konsekvensar eit vern av desse areala kan få – både for naturverdiar, ulike brukarinteresser (t.d. landbruk, friluftsliv, skiløyper, redningstenesta, reiseliv, industri), kulturminne med meir. Etter at denne kunnskapen er henta inn, og vi har kome med eit konkret forslag til vernegrenser og vernereglar vil kommunen på ny ha moglegheit til å seie nei til å gå vidare med verneprosessen, for heile eller delar av området.

Luster kommunestyre gav 22. juni 2023 aksept til å starte verneprosess for areal i Luster kommune. Prosessane i dei to kommunane er ikkje avhengige av kvarandre, og skulle Årdal seie nei til å setje i gang ein verneprosess, vil likevel prosessen starte i Luster.

1.1 Bakgrunn for oppdraget

Verda står ovanfor to globale naturkriser. Både klimaendringar og tap av naturmangfald er med på å endre naturen slik vi kjenner den i dag. Naturpanelet til FN slår i ein rapport frå 2019 fast at over ein million av dei om lag åtte millionar artane vi har i verda står i fare for å bli utrydda. I Noreg er 2 752 artar vurdert som «truga», og 4 957 artar er vurdert som «nær truga».

I 2015 kom stortingsmeldinga «Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald». Stortingsmeldinga slo fast at vi må ta vare på naturen rundt oss; både eit representativt utval av norsk natur, men også artar og naturtypar som er utrydningstruga.

Vi veit at vern av natur er eit av dei beste og mest effektive verkemidla for å ta vare på naturmangfaldet. Å sikre areal mot fysiske inngrep er med å trygge leveområdet til dei artane som lever der, både for notida og framtida. I tillegg vil vern vere med å danne meir samanhengande økologiske nettverk, noko som vil gjere naturen betre rusta til å møte klimaendringane vi veit kjem.

I 2018 bad Klima- og miljødepartementet (KLD) Miljødirektoratet identifisere aktuelle område for vern. Etter forslag frå statsforvaltarane leverte Miljødirektoratet i mai 2019

ei tilråding til KLD om kva område som burde inkluderast i den vidare prosessen. I november 2021 fekk Statsforvaltaren i Vestland i oppdrag frå Miljødirektoratet å gå vidare med arbeidet for nokre av desse områda. Oppdraget blir kalla «Bevaring av verdifull natur». Dei mange gode grunnane til å verne natur dannar bakgrunnen for dette oppdraget:

«Formålet med prosessene er vern av områder som skal bidra til å danne økologiske nettverk og gjøre norsk natur mer robust mot klimaendringer, samt å dekke manglene i eksisterende verneområder slik at vi når det nasjonale målet om å ta vare på et representativt utvalg av norsk natur for framtidige generasjoner og målet om å ta vare på truet natur.»

Du kan lese meir om bakgrunnen for oppdraget her:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/bevaring-av-verdifull-natur/>

På heimesidene våre finn du også meir informasjon om korleis vi har arbeidd og arbeidar med oppdraget «Bevaring av verdifull natur»:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/oppdrag-ending-nasjonalpark/utviding-jotunheimen/>

1.2 Om prosessen

Lokal aksept og involvering står sentralt i denne verneprosessen. Tidlegare har verneprosessar vore basert på tydelege nasjonale prioriteringar. Sjølv om kommunane òg tidlegare har vore involvert i verneprosessane har dei ikkje hatt vetorett som har gitt dei mogelegheita til å seie nei til vern. Dette er no endra.

Lokal aksept er no eit premiss både for å setje i gang sjølve verneprosessen og for eit endeleg vedtak om vern. Dette kjem tydleg fram i oppdragsbrevet frå Miljødirektoratet, der dei ber statsforvaltarane gjere følgjande:

«Avklare med berørte kommuner om det synes å være aksept for å forberede og gjennomføre videre prosess for vern av kandidatområdene i kategorien nasjonalpark. Dette inkluderer også foreslåtte omgjøringar fra landskapsvernområde til nasjonalpark. Vi legger til grunn at det skal være frivillig vern av skog på privat grunn, jf. eget avsnitt om dette.»

«Forberede og gjennomføre dialog med grunneierorganisasjoner, naturvern- og friluftslivsorganisasjoner regionalt/lokalt og samiske interesser hvor det er relevant om muligheter og utfordringer knyttet til vern av kandidatområder i kategorien nasjonalpark. Dialogen med organisasjonene bør gjennomføres så tidlig som mulig, og bør være gjennomført før kommunene tar stilling til igangsetting av verneplanprosess.»

Dersom det er lokal aksept frå kommunane for vidare utgreiing av vern, for heile eller delar av utgreiingsområdet, vil vi melde oppstart av ein formell verneprosess. Ein formell verneprosess startar med å hente inn informasjon om brukarinteresser i

området og moglege konsekvensar av vern. Naturverdiane i området vil også bli kartlagde. Ei, eller fleire, lokale referansegrupper vil også bli sett ned. Denne, eller desse, vil bestå av representantar for dei som har interesser i området, og vil ha ei rådgjevande rolle gjennom heile prosessen. Å finne ut kva verneform som er mest aktuell for dei ulike utgreiingsområda høyrer også til denne fasa av arbeidet. Arbeidet vil vere ope og tilgjengeleg for alle, og informasjonen som kjem fram vil utgjere grunnlaget for eit verneframlegg. I dette verneframlegget vil det mellom anna vere eit framlegg til verneforskrift og verneområdegrensar. I høyringa vil det vere høve til å uttale seg for alle som ønskjer det. I denne fasen kan kommunane nok ein gong seie nei til vern. Etter dette vil Statsforvaltaren komme med ei tilråding om vern eller ikkje-vern.

Ei eventuell godkjenning av vern gjennom kongeleg resolusjon vil difor ikkje skje utan lokal tilslutning til verneplanen.



Om det skal bli ei utviding av Jotunheimen nasjonalpark må det vere lokal aksept for dette. Difor står dialog med grunneigarar, kommunar og andre lokale aktørar heilt sentralt i prosessen. Biletet er teke på folkemøtet i Årdal 2. mai 2023. Foto: Anne-Marie Colban

1.3 Lokal aksept – for kva område?

Vi ønskjer at kommunestyret i Årdal skal ta stilling til om det er lokal aksept for å starte ein verneprosess.

Vi vil understreke at kommunestyra kan seie ja til å starte ein verneprosess for heile utgreiingsområdet, eller seie ja berre for deler av utgreiingsområdet og nei til å starte verneprosess for andre delar. Dette gjeld både for areala som er aktuelle for utviding av

nasjonalparken, og areala der det er aktuelt å endre verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

2. Verknadar av vern

2.1 Verneforskrift

Hovudmålet med å verne natur er å sikre leveområda til artar som er i området både no og i framtida. Generelt vil difor eit vern ofte bety eit forbod mot motorisert ferdsel og mot tekniske inngrep slik som nye bygningar, massetak, vegar og andre tekniske installasjonar. Men, alle nasjonalparkar og landskapsvernområde i Noreg har si eiga verneforskrift som bestemmer restriksjonsnivået i det enkelte verneområdet. Reglane som gjeld i eit verneområde er altså tilpassa den lokale bruken av området, slik at dei skal kunne ta omsyn til lokale tilhøve.

For å fange opp spesielle tilhøve knytt til lokal bruk er det vanleg å ta inn *spesifiserte dispensasjonsreglar* i verneforskrifta. Dette betyr at ein må søke om dispensasjon for å gjennomføre visse tiltak, men at det er enkelt å få dispensasjon på bestemte vilkår. Ei verneforskrift inneheld også *generelle dispensasjonsreglar*, som peiker på aktivitetar og tiltak som vernet ikkje er til hinder for, og som ein difor kan gjennomføre utan å søkje. Eit døme på dette er at vernet i Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark ikkje er til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og naudsynt istandsetjing ved akutt utfall (§ 3 pkt. 1.2 i begge verneforskriftene).

Den bruken som er i området i dag, slik som jakt, fiske, beite, seterdrift kan i stor grad vidareførast. Eit forslag til verneforskrift vil bli utarbeidd som ein del av verneplanforslaget, og skal høyrast breitt før eit eventuelt vernevedtak, slik at alle skal kunne påverke prosessen og utfallet.

2.2 Forvaltning

I Noreg blir dei større verneområda, slik som nasjonalparkar, forvalta etter ein lokal forvaltningsmodell. I desse verneområda er det lokale verneområdestyre som er delegert forvaltningsmynde og ser til at verneforskrifta blir etterlevd. Verneområdestyra er sett saman av representantar frå dei kommunane og fylkeskommunane som har areal i verneområdet. Lokalt tilsette verneområdeforvaltarar fungerer som sekretariat for styret. Desse har kontor på lokale forvaltningsknutepunkt. Verneområdestyra vil og ha i oppgåve å utarbeide/revidere ein forvaltningsplan for området. Dette blir gjort gjennom opne prosessar der alle kan kome med innspel. I forvaltningsplanen blir verneforskrifta greidd ut og presisert. Forvaltningsplanen gir difor viktige retningslinjer for forvaltningspraksisen. Det blir no arbeidd med å revidere forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Statens naturoppsyn (SNO) står for oppsyn i verneområda.

Det er naturleg å ta utgangspunkt i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i eventuelle utvidingsområde. Verneforskrifta for Jotunheimen finn du her: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2014-11-14-1398> og verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde finn du her: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2014-11-14-1399>

Eventuelle utvidingsområde vil bli forvalta av eksisterande forvaltningsmyndigheit. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har representantar frå alle kommunar med areal i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. I førre periode var det ordførar Hilmar Høl som representerte Årdal kommune.

Årdal kommune er ein nasjonalparkkommune, og har mykje erfaring med kva områdevern fører med seg. Det er mange som reiser til Årdal for å oppleve den storslagne og urørte naturen. Utladalen Naturhus, som har formidla dei unike kvalitetane ved Utladalen og Jotunheimen til tilreisande i mange år, fekk nyleg autorisasjon som besøkssenter for Jotunheimen nasjonalpark. Dermed kan dei halde fram med dette viktige arbeidet også i åra som kjem.

2.3 Skilnadar mellom nasjonalpark og landskapsvernområde

Det er nokre generelle skilnadar mellom landskapsvernområde og nasjonalparker. Desse skilnadane speglar seg i verneforskrifta for det enkelte området. I nasjonalparker er det naturen som står i fokus, og nasjonalpark er generelt ei strengare verneform enn landskapsvernområde. Kulturlandskap (stølar, etc.) er ein viktig del av mange landskapsvernområde. Å bevare landskapsbiletet og landskapsopplevinga er ein sentral målsetting ved oppretting av landskapsvernområde. Difor er det ofte fleire dispensasjonsreglar knytt til skjøtsel av kulturlandskap i verneforskrifter for landskapsvernområde enn i verneforskrifter for nasjonalparker, også fordi det er meir kulturlandskap inkludert i landskapsvernområde enn i nasjonalparker. På vernetidspunktet har det også vore akseptert eit større innslag av tekniske installasjonar (vegar, hytter, og liknande.) i landskapsvernområde enn i nasjonalparker.

Desse skilnadane finn vi att når vi samanliknar reglane for Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark. Det er mange dispensasjonsreglar knytt til skjøtsel av kulturlandskapet i forskrifta for Utladalen landskapsvernområde. I Utladalen landskapsvernområde er det og meir infrastruktur enn i Jotunheimen nasjonalpark. Ikkje berre knytt til gardane og stølane i Utladalen, men og knytt til regulerte vassdrag i dei austlege sidedalane til sjølve Utladalen.

Vi har fått i oppdrag å undersøkje om det er aksept for å gjere om delar av Utladalen landskapsvernområde til nasjonalpark. Det er mest aktuelt å endre verneform i dei delane av landskapsvernområdet der det ikkje lenger er aktiv primærnæringsdrift, og der det ikkje er regulerte vassdrag og bekkeinntak. Ein gjennomgang av verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

syner at det er små skilnadar mellom grunneigars rådigheit i nasjonalparken og landskapsvernområdet. I første rekkje ynskjer ein å innlemme sidedalane på vestsida av Utladalen, med minst mogleg tekniske inngrep frå før. Ei omgjerung av verneform her vil truleg ha lita praktisk betydning for brukarar med beitedyr og stølshus.

2.4 Tiltak i verneområde

Etter at eit verneområde er oppretta kan vernemyndigheita søkje om midlar for å utføre tiltak i verneområdet, i tråd med forvaltningsplan og besøksstrategi. Det er verneområdestyret som sjølv prioriterer kva tiltak dei vil bestille midlar til. Utbetring og tilrettelegging av stiar, opparbeiding av innfallsportar, tilrettelegging for styrt beiting med sau, hest og geiter og restaurering av kulturminne er døme på kva det har vore gitt tiltaksmidlar til i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde dei seinare åra.

2.4.1 Tilrettelegging av stiar

Jotunheimen er ein av dei mest besøkte nasjonalparkane i landet. Det er mange attraktive turmål innanfor vernegrensene, og høg ferdsel over mange år har gitt stor stislitasje på enkelte strekningar. Sidan 2005 har det blitt gitt midlar til forsterkingstiltak på nokre av dei mest brukte stiane, slik som stien over Besseggen og stien til Fanaråken. Det er også gjort tiltak på stiar både i Avdalen og frå Vetti. I 2023 har det vorte gjort tiltak på stien frå Vetti til brua over Morka-Koldedøla, og eit restaureringsarbeid med revegetering av villstiar på juvkanten over Vettisfossen. Tiltaka er gjort i regi av Statens naturoppsyn, Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, og er finansiert av Miljødirektoratet gjennom tiltaksmidlar til verneområde.



Tiltak på stiar med stor ferdsel og slitasje. Erosjon (til venstre) og utførte erosjonssikringstiltak (til høgre) på stien til Besseggen fra Gjendesheim i Vågå. Foto: SNO/Harald Klæbo.

2.4.2 Rundtur på Sognefjellet

«Utkikkspunkt Sognefjellet» i Lom vart opna i 2018. Som pilot for merkevara Noregs nasjonalparkar fekk Jotunheimen i oppdrag å etablere ein hovudinnfallsport som skulle stå fram som ein profileringsstad for nasjonalparkar generelt og Jotunheimen spesielt.

Med bakgrunn i dette oppdraget er det etablert eit utkikkspunkt ved Sognefjellshytta der reisande over Sognefjellet kan stoppe, strekke på beina, gå ein liten rundtur og få eit inntrykk av nasjonalparken. Turen er på litt over ein kilometer rundt vestre del av Fantesteinsvatnet. Gangbane, bru og sti over til sørsida av vatnet er universlt utforma, og det er tilrettelagt for at alle skal kunne ta seg fram. Avstikkaren opp til utkikkspunktet er vanleg tursti, og her får dei besøkande flott utsikt mot store fjellmassiv i nasjonalparken som Hurrungane, Fannaråki og Smørstabbtindane.



På anlegget ved Sognefjellshytta i Lom spelar arkitekturen saman med norsk høgfjellsnatur. Her er det etablert ein universelt utforma gangsti. På rundturen får ein god utsikt inn i den urørte og storslagne naturen i Jotunheimen nasjonalpark. Foto: Kari Sveen.

2.4.3 Ny utsiktsrampe ved Vettisfossen

Sommaren 2023 var det offisiell opning av det nye utkikkspunktet ved Vettisfossen. Vettisfossen ligg i Utladalen landskapsvernområde, og med eit fritt fall på 275 meter er det den høgste uregulerte fossen i Noreg. Den gamle utsiktsrampa ved Vettisfossen var moden for utskifting, og nasjonalparkstyret bestemte seg difor for å bygge ei ny, finansiert av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, samt pengegåver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Stiftelsen UNI. I tillegg vart stien som tidlegare gjekk heilt ute på kanten av stupet flytta inn på trygg grunn, slik at det no er tryggare å besøke Vettisfossen.



*Den nye utsiktsrampa ved Vettisfossen legg til rette for ei trygg og spektakulær oppleving.
Foto: Eldrid Nedrelo.*

2.4.4 Tilrettelegging for meir beite – samarbeid med lokalt landbruk

Attgroing som følgje av klimaendringar og mindre beitetrykk i utmarka fører til tap av biologisk mangfald – også innanfor verneområda. I Jotunheimen, som i mange andre verneområde, samarbeidar landbruksnæringa og vernemyndigheitene om å halde beitetrykket oppe og stimulere til meir beite i viktige område.

Utladalen har eit særeige, flott og godt skjøtta heilskapleg kulturlandskap, med ulike kulturmarkstypar av nasjonal og regional verdi. Gjennom avtale om kjøp av tenester med SNO har Naturhuset gjennomført årleg skjøtsel i Utladalen dei siste 25 åra. Skjøtselsarbeidet her har pågått i medhald av ein skjøtelsplan sidan 1998, og både Naturhuset, SNO og frivillige lokalt har vore involvert i arbeidet. I 2022 vart det kjøpt tenester frå Utladalen Naturhus til skjøtsel i Utladalen for 550 000 kroner (tenestekjøp via SNO).

I tillegg vart det kjøpt tenester for 30 000 kroner til skjøtsel av Utladalen Sameige i øvre Utladalen og ved Gjendebu. I 2022 fekk Storådalen beitelag 80 000 kroner for styrt beiting og skog/krattrydding i kulturlandskapet ved Gjendebu. Lom fjellstyre utfører også noko skjøtsel i dette området som ein del av tenestekjøpet SNO har med fjellstyret.

Ved Gjendebu har også nasjonalparkforvaltninga arbeidd saman med beitelaget for å rydde attgrodde område for å auke beitekvaliteten og opne seterlandskapet. Nasjonalparkstyret har i dei seinare åra kjøpt tenester av medlemmar i beitelaget for slik rydding.

2.4.5 Restaurering av kulturminne

Gamle steinhus og sel i fjellområda fortel om korleis folk før nytta fjellområda til beite og setring. Nasjonalparkforvaltninga har gjeve tiltaksmidlar til restaurering av eit betydeleg tal kulturminne i Jotunheimen og Utladalen. Dei fleste steinhusa er i dag restaurerte blant anna ved hjelp av tiltaksmidlar prioritert av nasjonalparkstyret.



Restaurering av steinhus i Utladalen. Foto: Rigmor Solem – SNO

2.5 Erstatning

Reglane for erstatning for økonomisk tap på grunn av eit vernevedtak blir regulert i naturmangfaldlova § 50:

En eier eller rettighetshaver i eiendom som helt eller delvis blir vernet som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning fra staten for økonomisk tap når et vern medfører en vanskeliggjøring av igangværende bruk. For bruk som trenger tillatelse fra offentlig myndighet, gjelder retten til erstatning bare hvis tillatelse er gitt før det er foretatt kunngjøring etter § 42.

Som igangverande bruk reknast den bruken som går føre seg på vernetidspunktet. Skogbruk blir sett på som igangverande verksemd uansett aktivitetsnivå på vernetidspunktet, og vil difor utløyse erstatning. I dei aktuelle utgreiingsområda er det ikkje inkludert område med skog. Dette er fordi skog skal vernast under ordninga for frivillig skogvern.

Eit område der det til dømes ligg føre ein godkjend plan for grustak vil utløyse erstatning. Ein kan få erstatning for restriksjonar på bruksendring som krev eit offentleg løyve (til dømes hyttebygging, kraftutbygging, vegbygging, nydyrking og liknande) viss endeleg løyve vart gitt før det vart kunngjort oppstart av verneplanarbeidet. Ein kan

berre krevje erstatning for økonomisk tap som er ein direkte konsekvens av vernevedtaket.

3. Om utgreiingsområda

Grensene til Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde har vore uendra sidan dei vart oppretta i 1980. I 2014 vart verneforskriftene revidert.

Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark slår fast at formålet med vernet er *«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep»*.

Vidare i formålsparagrafen heiter det at formålet med vernet er å ta vare på


- eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg
- vakre og eigenarta landskap
- fjellvatn og vassdragsnatur
- særprega geologiske førekomstar
- leveområde for villreinen
- kulturminne

At ålmenta skal ha høve til å oppleve uforstyrra natur gjennom enkelt og naturvenleg friluftsliv blir og vektlagt i verneforskrifta sin føremålsparagraf.

Mykje har endra seg på førti år. Både måten vi brukar naturen på og kunnskapen vi har om den er annleis no enn då Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta. Vi veit meir om kva faktorar som utgjer trugsmål mot naturmangfaldet vårt, og meir om kva tiltak vi bør gjere. I tillegg veit vi at klimaet er i endring. Desse faktorane ligg alle til grunn for at det blir foreslått ei utviding av Jotunheimen nasjonalpark. I dette kapittelet vil vi fyrst skildre sjølve utgreiingsområdet, og presentere dei overordna verneverdiane i området.

Deretter vil vi sjå nærare på verneverdiane i dei enkelte delområda av utgreiingsområdet.

3.1 Kart over utgreiingsområda i Årdal kommune



Figur 1. Utgreiingsområdet for utviding av Jotunheimen nasjonalpark er markert med grøne prikker. Både nasjonalpark og landskapsvernområde er aktuelle verneformar for utgreiingsområda, og ein eventuell verneprosess vil avklare kva verneform som er best for det enkelte området. Områda der det er aktuelt å endre verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark er markert med oransje prikker. Merk at utgreiingsområda i Luster kommune ikkje er markert på kartet.

Utgreiingsområdet er markert i figur 1. Skraveringa på kartet er ikkje meint som eit forslag til kvar grensene skal gå. Å finne ut kvar nye grenser skal gå vil vere ein viktig del av ein eventuell verneprosess.

I resten av kapittelet har vi delt inn utgreiingsområdet i tre: områda vest for Utladalen, områda aust for Utladalen og dei områda i Utladalen landskapsvernområde som det er aktuelt å endre til nasjonalpark. Verneverdiane og brukarinteressene i desse tre områda blir skildra under.

3.2 Generelt om verneverdiane i området

Ved opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark i 1980 var det det alpine høgfjellet som var i fokus. Lågareliggande område vart stort sett haldne utanfor vernegrensene. I tillegg var det for det meste statsgrunn som vart verna i 1980. På grunn av desse

avgrensingane var det fleire område som ikkje var aktuelle for vern i 1980 som likevel har store verneverdiar i dag.

Viss vi får lokal aksept for å starte ein verneprosess vil vi hente inn meir kunnskap om naturkvalitetane i området.

3.2.1 Villreinen i Vest-Jotunheimen

Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på villreinen. To viktige internasjonale avtalar byggjer under dette:

- Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er ei global avtale om bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald. Konvensjonen tredde i kraft 29. desember 1993.
- Bernkonvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr og deira naturlege leveområde. Avtala legg særleg vekt på vern av truga og sårbare artar, mellom anna dyreartar som vandrar over større område.

Den internasjonale naturvernunionen, IUCN, sette i 2016 villreinen på den globale raudlista for truga artar, som følgje av ein global tilbakegang på om lag 40 prosent dei siste 21-27 år. I 2021 vart villreinen plassert på den norske raudlista, som «nær truga».

Villreinstamma i Vest-Jotunheimen sitt leveområde ligg delvis innanfor dei noverande verneområdegrensene. Å ta vare på leveområda til denne villreinstamma er og ein del av verneformålet for nasjonalparken. Bestandsmålet til denne villreinstamma er på om lag 400 dyr, og den delen av utgreiingsområdet som ligg vest for Utladalen er særleg viktige område for desse dyra.

Ein rapport om tilstanden til villreinstamma i Vest-Jotunheimen vil vere klar hausten 2023, og vil gje meir detaljert kunnskap om korleis villreinstamma nyttar seg av området. Denne informasjonen vil vere eit viktig supplement til det vi allereie veit om villreinen i Vest-Jotunheimen, og vere relevant i det vidare arbeidet med ei eventuell utviding av nasjonalparken.



Noreg har eit internasjonalt ansvar for villreinen. Ved å utvide nasjonalparken kan ein sikre at viktige trekk- og beiteområde for villreinstamma i Vest-Jotunheimen blir liggjande urørt – også i framtida. Foto: Øyvind Angard.

3.2.2 Verneområda som økologiske nettverk

Det er fleire faktorar som bestemmer om eit økologisk nettverk er robust eller ikkje. To av dei viktigaste faktorane er kor stort området er, og kor langt det er til næraste liknande område. Å skape meir robuste økologiske nettverk er trekt fram som eit viktig mål både i Stortingsmeldinga «Natur for livet», men også i oppdraget vi har fått frå Miljødirektoratet. Å trekke vernegrensene nedover i terrenget slik at ein større høgdegradient blir verna vil både sikre eit større areal, men også ein meir effektiv spreingskorridor for artar. Slike trekk-korridorar vil til dømes kunne bidra til at artar kan flytte seg oppover i terrenget når klimaet blir varmare.

Norsk institutt for naturforskning, NINA, publiserte i 2019 ein rapport der dei presenterte korleis dei områda som var aktuelle for supplerande vern verka inn på verneområda sin funksjon som økologiske nettverk og toleranse for klimaendringar. Konklusjonen var at dei områda som då var aktuelle for supplerande vern både ville gjere at verneområda heng meir saman som økologiske nettverk, og at dei vil bidra til å dekke ein noko større klimavariasjon i verneområda.

Områda rundt Jotunheimen vart særleg trekt fram i samandraget i NINA-rapporten: «Sammenhengen, eller konnektiviteten, i nettverket blir spesielt god rundt større nasjonalparker som Jotunheimen, og bedres dessutan i Finnmark og Sør-Norge.». I tillegg slår NINA fast at «Områdene med nye eller utvidede nasjonalparker foreslått for supplerende vern øker dekningen av områder med lave temperaturer, særlig om sommeren. Relativt kalde områder, særlig fjellområder, kan vise seg å være spesielt viktige for robusthet mot klimaendringer, da en gjennomsnittlig temperaturøkning kan føre til at mange arter trekker nordover og oppover for å finne passende klimatiske forhold.»


Å gjere det økologiske nettverket i og rundt Jotunheimen nasjonalpark meir robust gjennom å utvide verneområdet vil difor vere viktig for å kunne ta vare på naturverdiane våre for framtidige generasjonar.



Staten Noreg ønskjer å ta vare på norsk natur til glede for kommande generasjonar. I dette arbeidet er områdevern eit av dei viktigaste verktøya vi har. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

3.3 Verneverdiar og brukarinteresser i dei ulike delområda

3.3.1 Aust for riksveg 55 og Tindevegen, mellom Berdalsbandet og Botnanosi



Figur 2. Dei grøne prikkane viser utgreiingsområdet aust for riksveg 55 og Tindevegen, mellom Berdalsbandet og Botnanosi. Merk at utgreiingsområda i Luster kommune ikkje er markert på kartet.

Dette området strekk seg frå Berdalsbandet i nordvest til Botnanosi i søraust, og ligg som eit belte vest for den noverande vernegrensa til Jotunheimen nasjonalpark. Området kan karakteriserast som låg- til mellomalpin sone. Vegetasjonen i området er ikkje kartlagt.

Villreinen brukar område på båe sider av Tindevegen. Bruken av trekkvegane mellom desse områda er heilt avgjerande for at villreinen skal kunne flytte seg mellom beiteområda på Feigumhalvøya og beiteområda aust for Tindevegen. Dei vil også kunne ha ein viktig verdi med tanke på utveksling av dyr mellom Jotunheimen og Reinheimen-Breheimen.

Dei siste vintrane har reinsflokkene halde seg i sørleg del av Gruvefjellet, og kryssa over mot Austanbotn - Botnanosi - Gravdalen. Desse åra har ikkje flokken vore over til Luster og områda rundt Fannaråki om vinteren. På våren og sommaren går simlene og kalvane lenger ut på Feigumhalvøya, medan bukkane held seg i meir nordlege område, gjerne aust for Tindevegen. Når hausten kjem samlar flokken seg att. Ei utviding av

Jotunheimen nasjonalpark kan sikre at delar av desse viktige beiteområda og trekkvegane blir skåna mot nedbygging i framtida.

Med eit varmare og våtare klima er det grunn til å tru at risikoen for at beiteområde blir kapsla inn i is på vinteren kjem til å auke. Å sikre at villreinen har mogelegheit til å trekke mellom leveområda sine blir difor viktig også i framtida. Når rapporten om arealbruken til villreinen i Vest-Jotunheimen blir klar, vil vi få vite meir om korleis reinen nyttar seg av desse områda. Rapporten vil bli ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget om ein startar ein verneprosess.

Å trekke verneområdegrensene nedover i terrenget vil sikre at ein vernar ein større høgdegradient. Dette gjer verneområdet og omkringliggjande område meir robuste mot klimaendringar, mellom anna fordi det er med på å sikre trekk-korridorar for artar som må trekke oppover i terrenget grunna temperatúrauke.


Både sommar og vinter er dette området ein innfallsport for folk som vil gå på tur i Hurrungane. Ei fornuftig forvaltning av området er viktig for å kunne ta vare på dei naturkvalitetane som er her; særleg med tanke på villreinen. Dette gjeld uavhengig av om området er verna eller ikkje. Om det startar ein verneprosess vil dette vere ein sentral tematikk å innhente kunnskap om. Denne kunnskapen vil då ligge til grunn for vidare forvaltning av området, anten det er som nasjonalpark eller ikkje.

Mellom Berdalsbandet og Botnanosi ligg det tre stølsområde; Murane, Åsete og Botnen. Ved ei eventuell utviding av nasjonalparken vil det ikkje vere aktuelt å inkludere desse stølsområda. Grensene vil altså bli trekt slik at stølsområda ikkje blir liggande inne i nasjonalparken.

IL Jotun køyrer og merkar skiløype i ein fast trasé mellom Murane og Åsete. Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark opnar for at ein kan søkje om å køyre skiløyper i andre delar av nasjonalparken. Å legge inn ein liknande dispensasjonsheimel også for denne løypekøytinga kan vere mogeleg, dersom det ikkje kjem i konflikt med verneverdiane i området. Alternativt går det an å halde traséen utanfor. Dette vil vi greie ut i ein eventuell verneprosess.

Mellom Fortun og Øvre Årdal går det kraftliner som er viktige for industrien i Årdal. I løpet av prosessen har vi fått spørsmål om ei mogeleg oppgradering av kraftlinene mellom Fortun og Årdal kan kome i konflikt med ei mogeleg utviding av nasjonalparken langs Tindevegen. Dette kan vere ei relevant problemstilling, men per no har vi ikkje konkret kjennskap til oppgraderingsplanar for kraftlinene. Dette vil vi greie grundig ut i ein eventuell verneprosess. 420 kV-kraftlina i vest vil ikkje inngå i eit eventuelt framtidig verneområde.

3.3.2 Nord for riksveg 53, mellom Øvre Årdal og Tynosen, Årdal kommune



Figur 3. Dei grøne prikkane illustrerer utgreiingsområdet nord for riksveg 53, mellom Øvre Årdal og Tynosen. Merk at utgreiingsområda i Luster kommune ikkje er markert på kartet.

Dette området ligg nord for vegen mellom Tyn og Årdal. Området grenser til Utladalen landskapsvernområde, og ikkje til Jotunheimen nasjonalpark. Det er difor naturleg å vurdere å verne dette området som landskapsvernområde heller enn som nasjonalpark. Arealet er definert som villreinområde. Rapporten om villreinen sin arealbruk i området tek for seg arealbruken til villreinstamma dei siste 50 åra.

Om ein trekk grensene nedover i terrenget vil ein kunne sikre spreingskorridorar for artar som må trekke oppover i terrenget på grunn av eit varmare klima. Dette sikrar eit meir robust økosystem i møte med klimaendringar.


I dei austlege delane av dette området er det fylitt i berggrunnen, som legg til rette for ein rik flora av kalkkrevjande artar med tilhøyrande rik insektsfauna. På mesteparten av området med fylitt i grunnen er det bygd hytter og er difor ikkje aktuelt som verneområde, men delar av fylitt-området kan vere aktuelt å innlemme i Jotunheimen nasjonalpark.

Eit eventuelt vern av desse områda vil bety eit forbod mot å gjere større inngrep i området, og vil difor sikre området for framtida. Dagens bruk knytt til jakt, fiske, beite og liknande kan halde fram.

På folkemøte fekk vi innspel om at redningstenesta brukar området rundt Tynosen til øvingsverksemd. Redningstenesta er viktig for tryggleiken til dei som ferdast i området. Øvingskøyering skal som hovudregel leggst utanfor verneområde, men verneområdestyret kan gi løyve til naudsynt kjentmannskøyering inne i verneområdet, i tråd med øvingsplan godkjent av politiet.

I delar av dette området har det blitt presentert planar om å bygge eit vindkraftanlegg. Dette vil eventuelt vere eit stort teknisk inngrep som ikkje er foreinleg med ein vernestatus. Det er likevel mogeleg for Årdal kommune å seie ja til å starte ein verneprosess for dette området samstundes som vindkraftplanane blir greia ut. Slik kan vi auke kunnskapen om området, både bruken og naturen, slik at Årdal kommune har eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag å basere ei avgjerd på.

3.3.3 Vestlege sidedalar til Utladalen og området rundt Falketind



Figur 4. Dei oransje prikkane viser områda i noverande Utladalen landskapsvernområde det kan vere aktuelt å leggje til i Jotunheimen nasjonalpark. Merk at utgreingsområda i Luster kommune ikkje er markert på kartet.

Dei vestlege sidedalane til Utladalen ligg i dag i Utladalen landskapsvernområde. I desse sidedalane er ikkje elvane påverka av vasskraftutbygging, og det er mindre landbruksaktivitet no enn det var på vernetidspunktet. Å inkludere desse områda i Jotunheimen nasjonalpark vil vere med å skape ei meir naturleg avgrensing av nasjonalparken, då desse høgareliggjande sidedalane naturleg høyrer saman med dei alpine fjelltoppane rundt. Desse sidedalane er viktige område særleg for villreinbukkane.

I desse sidedalane med breelver kan det også vere eit interessant planteliv som det kan vere grunn for å undersøkje nærare, då ein ikkje finne liknande økosystem mange andre stader i landet.

Området rundt Falketind, Stølsnostinden og Hjelledalstinden er ein del av eit alpint fjellmassiv med brear og spisse tindar. Det er utan regulerte elver og større tekniske installasjonar, og er heller ikkje prega av kulturlandskap og ein aktiv bruk av naturen. Eit slik landskap «høyrer heime» i Jotunheimen nasjonalpark, og ein endring av vernestatus er difor naturleg å vurdere for desse områda. Det går ein tunnel under dette området, som er i bruk som vassveg i forbindelse med vasskraftproduksjon. Slike tunnelar kan vere foreinlege med nasjonalparkstatus, så lenge bekkeinntak og andre tekniske inngrep blir liggande utanfor vernegrensene. Det er ikkje aktuelt å inkludere stølsområde, slik som Fremre Hjelledalen, i nasjonalparken.

I løpet av prosessen har vi fått innspel frå grunneigar om at dei indre delane av Hjelledalen tidlegare har vore nytta aktivt i landbrukssamanheng og at dette også kan vere aktuelt i framtida. Grunneigarane er, mellom anna difor, negative til å starte ein «omgjeringsprosess» for dette området. Også grunneigarane i Stølsmaradalen og fremre delar av Midtmaradalen ønskjer å vidareføre landskapsvern-statusen i desse områda, heller enn å endre verneform til nasjonalpark. Ei meir detaljert oppsummering av innspelet til grunneigarane er å finne i kapittel 5.

Å ta vare på dei store verdiane knytt til kulturlandskapet i Utladalen er viktig. Ei eventuell endring av verneform skal ikkje gjere det vanskelegare å ta vare på kulturlandskapet. I den vidare prosessen bør vi difor vurdere kva som er mest fornuftig med omsyn til både naturen og kulturlandskapet i Utladalen; å ikkje endre vernestatus i Hjelledalen og Stølsmaradalen/Midtmaradalen, eller å endre vernestatus slik at områda blir ein del av Jotunheimen nasjonalpark.

Vi understrekar at Årdal kommune kan seie ja til å starte omgjeringsprosess for delar av utgreiingsområdet, og nei til å starte omgjeringsprosess for andre delar.

4. Vegen vidare


Dersom kommunane seier ja til å starte ein verneprosess for heile eller delar av utgreiingsområdet vil Statsforvaltaren fyrst ha eit møte med kommunane for å drøfte det vidare arbeidet. Eit viktig tema å diskutere er oppretting av lokale referansegrupper, der også representantar frå grunneigarane må vere med. Samansettinga av referansegruppene må bli utforma i samarbeid med kommunane. Referansegruppene vil ha ei rådgjevande rolle gjennom heile prosessen. Vi ønskjer å ha desse gruppene på plass så tidleg som mogeleg, slik at vi også kan diskutere innhaldet i ei oppstartsmelding med dei.

Det fyrste formelle steget vil vere å sende ut ei melding om oppstart av verneplanprosess. Formålet med ei oppstartsmelding er å informere, skape arenaer for

medverknad i prosessen og eit godt grunnlag for å vurdere konsekvensar og utarbeide eit verneforslag. Oppstartsmeldinga blir lagt ut på høyring, og vi vil ha innspel på denne. I oppstartsmeldinga vil vi mellom anna liste opp tema for utgreiing, for å kunne vurdere konsekvensane av eit eventuelt vern betre. Døme på tema kan vere flora og fauna, landskap og kvartærgeologi, landbruksinteresser, friluftsliv og reiseliv, og kulturmiljø/kulturminne.

Etter at vi har henta inn meir kunnskap vil vi legge fram eit konkret forslag til vernegrenser og verneforskrift. Dette verneframlegget blir lagt ut på høyring. Om det ikkje lenger er aksept frå kommunen vil vi ikkje tilrå vern eller endring av vernestatus for dei areala det ikkje er aksept for.

Etter høyring vil vi sende ei fagleg tilråding til Miljødirektoratet, som så sender si tilråding vidare til Klima- og Miljødepartementet. Dette kan så ende opp med eit vernevedtak i statsråd.



Figur 5. Illustrasjon over verneprosess over ni etappar. Vi er no i fase to. I fase seks er det naturleg at kommunane tek endeleg stilling til eit eventuelt verneforslag. Dei grøne punkta syner formelle steg.

5. Innspel til prosessen

Så langt i prosessen har det vore viktig å få synspunkt frå kommunane, grunneigarar og andre lokale interesser. Dette har vi gjort ved å halde møter med politisk og administrativ leiding i kommunane, orientert kommunestyre, halde folkemøte og grunneigarmøte. Referat frå dei ulike møta er lagt ved dette dokumentet. I tabellen under kan du sjå ei kortare oppsummering av innhaldet i møta. Andre innspel vi har fått er også oppsummert i tabellen.

Ein fellesnemnar frå møta er at grunneigarane har vore opptekne av at synspunkta deira må bli høyrte av kommunen før kommunen tek stilling til om det er lokal aksept for å starte verneprosessane.

Tabellen nedanfor er ei oppsummering av møtereferata/innspela vi har fått. Sjølv om vi har oppsummert så presist vi kan, er det mogeleg at nyansar går tapt. Difor vil vi også oppfordre lesaren til å gjere seg kjent med dei fullstendige referata/innspela, som du

finn på heimesidene våre: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/innleiande-dialog-om-mogeleg-utviding-av-jotunheimen/>.

Merk at innspel som berre er sendt til Årdal kommune ikkje er inkludert i tabellen under. Referat frå møte som blir halde i denne prosessen etter at dette dokumentet er sendt blir lagt ut på nettsidene våre fortløpande.

	Oppsummering av innspela. Møtereferat med Statsforvaltaren sine svar og kommentarar til innspela er å finne i vedlegget.
Orienteringsmøte for Årdal kommune, 10. november 2022	Eit orienteringsmøte for å informere Årdal kommune om oppdraget med supplerande vern, og for å få innspel til den vidare prosessen fram mot eit ja eller nei frå kommunen til å starte verneplanprosess. Kommunedirektøren peikte på at mange i Årdal er stolte av området, og at det er friluftsjakt-interesser der. Kommunedirektøren har allereie orientert kommunestyret om oppdraget. Å involvere grunneigarar og andre lokale aktørar vil vere viktig i den vidare prosessen. Statsforvaltaren og kommunen vart einige om at eit fornuftig neste steg vil vere å arrangere grunneigarmøte og folkemøte i Årdal. Det er aktuelt å gjennomføre slike møte i januar 2023.
Møte med grunneigarar, Årdal kommune, 18. januar 2023	Statsforvaltaren orienterte om oppdraget, prosessen og om kva naturkvalitetar/brukarinteresser dei ser i området. Ein viktig del av ein eventuell verneprosess vil vere å hente inn meir kunnskap. Det er difor viktig med innspel om kva brukarinteresser det er i området. Det kom spørsmål om «lokal aksept», og grunneigarane har noko dei skulle ha sagt i og med at det er kommunen som til sjuande og sist seier ja eller nei. Statsforvaltaren svara at kommunen har uttrykt ønske om å involvere grunneigarane i prosessen fram mot eit ja eller nei, noko mellom anna dette møtet er prov på. Det kom informasjon om at det blir køyrt skiløype mellom Murane og Åsete, og at eit ønske om at denne aktiviteten kan fortsette og i framtida. Ein grunneigar peikte på at det kan bli aktuelt for Hydro å gjere arbeid/endringar på straumlinene som går mellom Luster og Årdal. Det kom også spørsmål om bruken av el-sykkel på vegen inn til Vetti. Fleire av grunneigarane har hytter/stølar som ligg innanfor det skraverte utgreiingsområdet, og lurte på kva konsekvensar eit eventuelt vern ville få for motorisert ferdsel inn til hytta/stølen,

	og kva andre konsekvensar eit vern kan få for dagens bruk av hytte/støl. Det kom og spørsmål om kvar det er mest naturleg at vernegrensene vil gå, om dei vil følgje ei høgdekote eller ikkje. Det vart svart at det mest naturlege vil vere å ikkje inkludere stølsområda/hytter i eit eventuelt utvida område, mellom anna for å sleppe unødige byråkrati. Då vil mest truleg bruken av støl/hytte kunne fortsetje som før. Dette vil vere viktig å avklare i ein eventuell verneprosess. Spørsmålet om kva eit eventuelt vern, og omgjerding av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark, vil bety i praksis kom frå fleire grunneigarar. Det vart ytra ønske om å få eit meir konkret forslag til vernegrenser på bordet før kommunen bestemmer seg for eit ja eller nei. Grunneigarane ønskte og at ein jurist skal sjå på gjennom skilnadane mellom restriksjonsnivået i Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark. Det vart einigheit om at det vil vere fornuftig med eit nytt grunneigarmøte der det blir presentert eit meir konkret forslag til grenser, og der skilnadane mellom landskapsvernområde og nasjonalpark blir utdjupa.
Folkemøte i Årdal, 18. januar 2023	Kommunen v/ fungerande ordførar Anne Kauppi ønskte velkommen til møtet. Statsforvaltaren orienterte om oppdraget, prosessen og om kva naturkvalitetar/brukarinteresser dei ser i området. Ein viktig del av ein eventuell verneprosess vil vere å hente inn meir kunnskap. Ein viktig del av dette møtet er å lytte til innspel om kva brukarane av området ser på som moglegheiter og utfordringar ved eit eventuelt vern. Det kom fleire innspel og spørsmål knytt til motorferdsel i området. Leiar i skigruppa i Jotun IL, Audun Hestetun, kommenterte at eit vern vil vanskeleg-gjere skiløypekøyning med scooter mellom Murane og Åsete. Kristian Lien i Norsk Folkehjelp fortalte at dei nyttar områda rundt Tyin mykje til øving, og at eit eventuelt vern i det området vil hemme ein del av denne aktiviteten. Dei fryktar meir byråkrati, at det blir vanskelegare å få løyve til øvingsaktivitet, og at det vil ta lengre tid å få eventuelle løyve. Johnny Bruheim, Hydro Energi, peikte på at Hydro Energi har mange interesser i området, og at dei vil kome med eit skriftleg innspel. Det er mange bekkeinntak i området, som det er naudsynt å koma til og drifte året rundt. Det må og vere mogleg å til dømes sette opp bygg i tilknytning til eksisterande anlegg for fjernstyring og straumforsyning ved hjelp av til

	dømes solceller. Det vart og stilt spørsmål ved om det er aktuelt å revidere noverande verneforskrift i ein eventuell utvidingsprosess. Marie Helene Hollevik Brandsdal, Arbeidarpartiet, fortel at det er viktig å ta vare på klima og natur for generasjonane som kjem etter, og at ho er glad for ein prosess med tidleg involvering av lokale aktørar. Christian Sønstlien, Arbeidarpartiet, takka for prosessen og sa at det er bra med ein lokal vetorett. Han viste til næringsinteresser, og at det er fleire prosjekt der fellesnemnaren er kraft. Kraftlinene mellom Fortun og Årdal er viktige, og han stilte spørsmål ved om desse linene kan komme i konflikt med grensa til verneområdet. Katarina Karlsen Hessen, Naturvernforbundet Indre Sogn, stilte seg positive til ei utviding av nasjonalparken. Vidare sa ho at naturen og artane har ein stor eigenverdi, og at dei håpa naturen si stemme får vere med i den vidare prosessen.
Innspel og uttalar etter møta	Audun Hestetun: Ser fleire ulemper enn føremonner med ei utviding av nasjonalparken. Det vil ved eit vern bli lagt føringar for bruken av områda som gjer at ein del aktivitetar vil vere meir tungvinne (t.d. stirydding). Det vil bli strengare med dronflyging. Sjølv om det er ein prosess gåande på revidering av drone-reglar i nasjonalparkar er det ikkje sikkert at det blir letta på desse reglane i framtida. Angåande villrein så er det sunn fornuft i møte med flokken som er det viktigaste tiltaket. Dei som går randone er kanskje den største trugselen for villrein. Det er ikkje tydeleg korleis området vil bli meir berekraftig forvalta om det blir nasjonalpark. Vern hjelp ikkje mot at tregrensa kryp oppover, noko som ikkje er ei positiv endring. Sjølv om ein kan få dispensasjonar og løyve vil dette gjere forvaltninga av områda meir byråkratisk enn om ein berre kan gjere munnleg avtale med grunneigar. IL Jotun sendte etter møte ein epost der dei kartfesta kvar skiløypa mellom Murane og Åsete brukar å gå. Løypa blir merka med oransje plaststikkar. Det vart også informert om at skigruppa i IL Jotun nyleg har fått fornya løyve til ervervsmessig transport i området for perioden 2023 – 2025. Dei fleste oppdraga gått til Åresete, men dei har også hatt nokre oppdrag til Murane, Åsete og ein sjeldan gong til Botn. Det har vore om lag 2-3 oppdrag i sesongen innanfor det som kan bli verneområde, og desse oppdraga har idrettslaga prøvt å tatt i kombinasjon med løypekøyning.

Oppfølgjande grunneigarmøte i Årdal, 02.05.2023	I førre møte vart det etterspurt ein gjennomgang av kva praktiske skilnadar det er mellom landskapsvernområdet og nasjonalpark. Statsforvaltaren gjekk gjennom desse skilnadane i møtet. Både overordna skilnadar, og meir praktiske konsekvensane av ei omgjerding av verneform vart presentert. Gjennomgangen vist at det ikkje er store skilnadar mellom grunneigars rådigheit i nasjonalparken og landskapsvernområdet for dei områda der det kan bli aktuelt å endre verneforma. Det er nokre større høve til inngrep og verksemd knytt til landbruket i landskapsvernområdet. Desse skilnadane vil ha liten praktisk betydning då områda som er aktuelle for endring av verneform er føreslått nettopp fordi det ikkje er stor landbruksaktivitet i området. På heimesidene våre kan du sjå presentasjonen som vart brukt. Stig Stark-Johansen, kommunedirektør i Årdal, stilte spørsmål om kor langt unna nasjonalparkgrensene ein kan gjere tiltak. Statsforvaltaren svarte at det ikkje er ei fastsett grense som bestemmer dette, men at det må gjerast ei vurdering opp mot formålet i verneforskrifta i kvart enkelt tilfelle. Kommunen er planmynde, men dersom nasjonale verdiar ikkje blir godt nok ivaretekne kan Statsforvaltaren koma med merknader til saka. Grunneigar Øyvind Hjellevik stilte spørsmål om kartet som viser områda som er aktuelle for omgjerding av verneform viser dei same områda som det var prat om på førre møte. Statsforvaltaren forklarte at kartet som viser områda som er aktuelle for endring av verneform berre skisserer dei aktuelle områda, men at kartet illustrerte det same området som var aktuelt for utviding sist. Det vart stilt spørsmål om utvidinga av nasjonalparken i Årdal er avhengig av at Luster kommune seier «ja» for utvidinga i det som omfattar utvidinga i deira kommune. Statsforvaltaren svarte at det verneprosess kan bli starta for areal i Årdal kommune utan at Luster kommune seier ja, og motsett. Jo Inge Fuglestad, grunneigar, stilte spørsmål om eit eventuelt vindkraftanlegg kan setjast opp i nærleiken av ein nasjonalpark med omsyn til visuell forureining. Statsforvaltaren svarte at vindturbinar ikkje kan setjast opp innanfor vernegrensene, då dette er eit varig inngrep. I utgangspunktet vil verneforskrifta berre regulere aktivitet som er innanfor vernegrensene, men i naturmangfaldlova § 49 heiter det at dersom verksemd på utsida av vernegrensene kan verke inn på verneverdiane i eit
--	---

	verneområde, skal omsynet til verneverdiane vektast når ein eventuelt gjer løyve. Statsforvaltaren understreka at vindkraftanlegget og utvidinga av nasjonalparken er to parallelle spor som kommunen kan følge samstundes. Fleire uttrykte at grunneigarane må bli høyrde i denne fasa av prosessen, og dei stilte spørsmål om korleis kommunen skal sikre at dei tek omsyn til grunneigarane. Kommunedirektøren svarte at kommunen vil arrangere eit møte mellom grunneigarane og administrasjonen i kommunen. Han peikte også på at det hadde vore nyttig om grunneigarane hadde hatt ei referansegruppe. Øyvind Hjelte spurte kommunen kva som taler mot eit slikt vern. Kommunedirektøren svarte at Årdal er ein industrikommune, og at kommunen kan slita dersom eit vern fører til at det ikkje kan gjerast tiltak i naturen rundt. Årdal Fjellstyre ved Jasmin Eminovic bad om døme på kommunar som har sagt nei til vern. Det vart opplyst frå Statsforvaltaren at Kvam herad i vinter sa nei til å starte prosessen med å opprette Øystesefjella nasjonalpark. På austsida av Jotunheimen har seks kommunar sagt nei til utviding av Jotunheimen nasjonalpark.
Oppfølgjande folkemøte i Årdal, 02.05.2023	Ordførar Hilmar Høl ønska velkommen før Eline Orheim ønskte velkomen på vegner av Statsforvaltaren i Vestland. Ho informerte om at kommunen har vetorett to gonger i verneprosessen. Formålet med dette møtet var å formidla kunnskap om oppdraget Statsforvaltaren har fått og prosessen, og å lytta til innspel og spørsmål frå innbyggjarane i Årdal. I førre møte med grunneigarane vart det etterspurt ein gjennomgang av kva praktiske skilnadar det er mellom landskapsvernområdet og nasjonalpark. Statsforvaltaren gjekk gjennom desse skilnadane i møtet. Både overordna skilnadar, og meir praktiske konsekvensane av ei omgjerding av verneform vart presentert. Gjennomgangen vist at det ikkje er store skilnadar mellom grunneigars rådigheit i nasjonalparken og landskapsvernområdet for dei områda der det kan bli aktuelt å endre verneforma. Det er nokre større høve til inngrep og verksemd knytt til landbruket i landskapsvernområdet. Desse skilnadane vil ha liten praktisk betydning då områda som er aktuelle for endring av verneform er føreslått nettopp fordi det

	ikkje er stor landbruksaktivitet i området. På heimesidene våre kan du sjå presentasjonen som vart brukt. Ole Magnar Nundal fortalte at han ikkje kunne sjå gode grunnar for å ikkje starte ein verneprosess. Han spurte om det er noko av eksisterande kraftinngrep som kjem innanfor dei føreslegne grensene. Eline Orheim svarte at det ikkje ligg eksisterande kraftinngrep i dei områda som er føreslått verna, eller der det er aktuelt å endre verneform. Egon Moen takka for informasjonen som vart gitt. Han stilte spørsmål ved om ei mogeleg oppgradering av kraftlinene mellom Fortun og Årdal kan kome i konflikt med ei mogeleg utviding av nasjonalparken langs Tindevegen. Eline Orheim svarte at dette er ei relevant problemstilling, men at vi ikkje har konkret kjennskap til oppgraderingsplanane no. Om det seinare i prosessen viser seg at oppgradering av kraftliner og utviding av nasjonalparken kjem i konflikt med kvarandre vil dette bli eit viktig problem å løyse. Vidare spurte han kvifor Nedre Breibottsvotni, som er regulert, ligg innanfor utgreiingsområdet når dette skal vere fritt for kraftinstallasjonar og liknande. Eline Orheim svarte grensene for utgreiingsområdet er forsøkt trekt utanfor regulerte vatn. Halvor Røssum fortalte at han er kjent med at dette vatnet ligg innanfor utgreiingsområdet på kartet som vart presentert, men at det ikkje er meininga at det skal ligge innanfor. Egon Moen lurte på om andre kommunar rundt Jotunheimen har sagt ja eller nei til utviding av nasjonalparken, og om dette har noko å seie for prosessen i Årdal. Eline Orheim svarte at prosessen har kome omtrent like langt i Luster og Årdal. I Innlandet har fem kommunar sagt nei til å starte prosessen, medan ein har sagt ja. Prosessen i Årdal er ikkje avhengig av aksept frå andre kommunar. Moen spurte om guida turar i Falketind-området vil bli søknadspliktig ved ei eventuell omgjerding av verneform. Anne Marie Colban svarte at verneforskrifta i dag i praksis er nokså lik for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Eldrid Nedrelo, nasjonalparkforvaltar, fortalte at det i dag har vore søknadspliktig om det har vore prat om arrangement med grupper på meir enn 50 personar. Arrangement med grupper på under 50 stk. har ikkje krevd søknad.
--	---

	Audun Hestetun, IL Jotun, spurte om eventuelle løyve for å drive med motorisert ferdsel blir gitt for fleire år om gongen. IL Jotun har litt motorferdsel i området, både skiløypekøyring mellom Murane og Åsete og ervervsmessig transport. Eldrid Nedrelo fortalte at det i dagens verneforskrift er ei opning for å gje løyve til transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer. Desse løyva har gjerne vorte gitt for fire år av gangen. Når det gjeld skiløyper må desse bli vurdert i verneprosessen. Om det i verneforskrifta blir opna for å gje løyve til å køyre skiløype/stikke løype her, vil det vere naturleg å gje fleirårige løyve. Det vart spurt kor mykje vanskelegare det vil vere å få stikka ei løype i eit verna område enn utanfor eit verna område. Anne Marie Colban svarte at dersom verneforskrifta opnar for løypestikking i verneområdet vil det ikkje vere store skilnadar på kor vanskeleg dette er. Dersom verneforskrifta ikkje opnar for stikking av løype, vil det ikkje kunne skje inne i eit verneområde. Eline Orheim orienterte om vegen vidare. Statsforvaltaren vil skrive referat frå møtet, og eit grunnlagsdokument der verneverdiar og brukarinteresser i utgreiingsområdet, og innspel og møtereferat blir oppsummert. Om kommunane ønskjer det kan dei bruke dette grunnlagsnotatet i handsaminga av spørsmålet om lokal aksept. Martin Walderhaug representerte Årdal Turlag si fjellsportgruppe, og sa at han håpar ein verneprosess blir starta, til glede for noverande og kommande generasjonar. Han fortalte at han sjølv er tilflyttar, og at han ikkje hadde flytta til Årdal om det ikkje var for dei store naturverdiane kommunen har. Difor oppmoda han kommunen om å sjå på den urørte naturen som eit konkurransefortrinn i kampen om å trekkje til seg attraktiv arbeidskraft.
Grunneigarmøte i Årdal, 6. september 2023	Kommunedirektør Stig Stark-Johansen ønska grunneigarane velkomne og presenterte saka kort. Martin Stensaker frå Årdal kommune heldt ei generell presentasjon av saka, medan Halvor Røssum gav ei kort innføring i Statsforvaltaren si rolle og den vidare saksgangen. Etter presentasjonen hadde grunneigarane nokre spørsmål som handla om kartutsnitt, interesser som snøscooterkøyring i beredskap og skiløyper, merking av løyper, stølsdrift og ferdsel.

	Det kom fram at nokre meinte at kartet over det føreslåtte utgreiingsområdet var uklart. Det vart svara at dette kartet ikkje er endeleg, at det berre er Statsforvaltaren i Vestland sitt forslag til område som kan utgreiast, og ikkje eit forslag til verneavgrensingar, som eventuelt vil kome seinare i prosessen. Det vart også informert om at det er opp til kommunen å avgjere omfanget/grensene til utgreiingsområda, og at innspel frå grunneigarar er ein viktig del av denne vurderinga. Jostein Holsæter spurte om det kan bli eit problem med merking av turløyper. Han nemnte at søknadar om merking tidlegare hadde blitt handsama for treigt. Halvor Røssum svarte at det må innhentast kunnskap, at dette er noko dei ønskjer å avklare i denne prosessen. Han nemnte at villrein er relevant i denne samanhengen. Vidar Moen nemnte at DNT i Oslo hadde fått løyve for 4 år. Halvor Røssum sa at det er eit mål å legge til rette for mest mogleg effektiv saksbehandling. Kommunedirektør Stig Stark-Johansen spurte om kommunane kan setje vilkår; Halvor Røssum svara at kommunestyret i Luster mellom anna sette vilkår til den vidare prosessen, og at kommunen har moglegheit for dette. Vidar Moen nemnte at kommunen sin rolle er viktig, og at den vedtatte samfunnsplanen har god samankopling med vern av nasjonalparken, samt at dette kan fungere som eit verktøy for å bli ein miljøkommune og framheve positive sidar ved kommunen. Nils Midttun spurte om grensene kan bli trekte ned til stølar. Halvor Røssum svarte at Statsforvaltaren ikkje ønskjer å inkludere stølar i verneområdet og at dei ønskjer å trekke grensa utanfor område med skog. Det kom også fram at nokon har opplevd det som vanskelegare for visse aktørar å få løyve frå forvaltningsmyndigheita i nasjonalparken til mellom anna snøscooterkøyring enn andre, og at likebehandling er viktig. Kommunen var samde i at prinsippet om likebehandling må følgjast. Kommunedirektør Stig Stark-Johansen diskuterte med grunneigarane korleis dei kan organisere seg for å bli høyrte best mogleg. Det vart einigheit om at Årdal kommune ber grunneigarane kome med konkrete innspel angående den mogelege utgreiinga innan 1. november 2023.
--	--

Møte med Hydro Energi, Hydro Aluminium og Årdal Energi, 14. september 2023	Kommunedirektør Stig Stark-Johansen ynskte velkommen til møtet. Jan Stian Smedegård frå Årdal Energi opna med å seia at dei ønska meir informasjon, og difor tok dei kontakt med kommunen for å få eit møte. Jan Stian Smedegård frå Årdal Energi presenterte kart over infrastruktur, med linjer som er påverka bl.a. ved Vetti og i fjellet i Moadalen, spesielt linja mot Søre-Knipen. Han fortalde at dei får spørsmål frå verneforvaltarane om snøscooterkøyring, sjølv om det skjer utanfor landskapsvernområdet. Dei har opplevd det som byråkratisk tungvint når dei skal utføre vedlikehald og liknande. Per Gullaksen frå Hydro Aluminium informerte om at dei arbeider med oppgraderingar og lurar på kva eventuelle framtidige konsekvensar utvidinga kan få. Kristen Johannes Rockland Aarethun frå Hydro Energi fortalde at dei har hatt nokre utfordringar knytt til byråkrati i samband med verneområda. Dei er opptatt av å få vite kva ei utviding vil bety for dei når det kjem til drift, vedlikehald og framtidig utviding. Det er viktig at dei har tilgang til sine installasjonar og at utvidinga ikkje er til ulempe for drifta deira. Halvor Røssum frå Statsforvaltaren svara at dei ikkje ønskjer å komplisere dagens vedlikehald og bruk av dagens installasjonar. Han informerte også om at dei konkrete installasjonane/infrastrukturen som vart vist på kartet, ikkje er aktuelle å inkludere i utvidinga. Kraftlinjer, oppgraderingar og nye traséar vart diskutert. Per Gullaksen informerte om at eksisterande traséar kanskje skal oppgraderast, og at dette og eventuelle nye traséar vil bli større, slik at det visuelle og nærleiken til verneområdet kan spele ei rolle. Det er bestilt ei utgreiing om framtidig kraftutvikling frå Statnett. Det vart stilt spørsmål om dette kan bli ein del av prosessen med utviding. Halvor Røssum svara at desse er prosessar som kan løysast parallelt, og at det å få løyst slike problemstillingar er ei viktig oppgåve i utgreiingsfasen. Alle partane var einige om at det er viktig at ulike planprosessar ikkje legg hindringar for kvarandre, og at ein må ha ein ryddig prosess. Det var også einigheit om at det er viktig å tenkje langsiktig, at ein må vere klar over konsekvensane på lang sikt og ta omsyn til Årdals behov for kraft i framtida. Halvor Røssum fortalte at dette er problemstillingar som er sentrale å avklare,
---	---

	og at dei framleis er i ein svært tidleg fase av prosessen. No handlar det om spørsmålet om Årdal kommune ønskjer å seie ja til å starte ein utgreiingsprosess som vil kunne gje meir konkrete svar på slike problemstillingar. Stig Stark-Johansen opplyste om at den politiske behandlinga sannsynlegvis vil skje om omlag eitt halvt år. Halvor Røssum supplerte med at saka har vore politisk handsama i Luster, og at dei gav grønt lys til å setje i gang utgreiingsprosessen. Han gav kort informasjon om kva ein utgreiing ville innebere (innsamling av kunnskap; rapportar om naturmangfald, villrein, ulike brukarinteresser og kulturminne; eit breitt spekter av tema), og korleis den vidare prosessen kan bli sjåande ut,. Det vart spurt om kor nær vernegrensa tiltak kan bli gjennomført. Halvor Røssum svara at verneforskrifta berre gjeld innanfor sjølve vernegrensa, utanfor området er til dømes motorferdsel regulert av anna lovverk. For større tiltak nær vernegrensa er naturmangfaldlova § 49 relevant, som seier at for tiltak nær verneområdet som kan påverke verneverdiane, så skal omsynet til verneverdiane vektleggjast i avgjerd om løyve bør givast. Stig Stark-Johansen nemnde eit døme frå Eidfjord der tiltak nær verneområde i same storleiksorden som ein eventuell ny trasé ikkje kunne gjerast. Halvor Røssum heldt ei generell presentasjon om bakgrunnen for oppdraget deira, konsekvensar og den eventuelle vidare prosessen. Han informerte om at kommunestyret kan stille krav og vilkår om den eventuelle utgreiinga og utforminga av verneforslaget. Stig Stark-Johansen nemnde at dette vart gjort i Vågå, der dei sa ja til utgreiing berre for delar av dei foreslåtte områda. Det vart spurt om kvifor dei fleste kommunane på austsida sa nei til utgreiing. Halvor Røssum og Martin Stensaker svara at det var størst motstand blant grunneigarar og landbruksinteresser; at det vart meint at områda allereie vart forvalta godt, bekymring for auka byråkrati og bekymring for auka ferdsel som kunne forstyrre landbruksinteressene. Det vart spurt om kva som gjeld for område under bakken, tunnelar o.l. Halvor Røssum kunne ikkje svare på dette no, men var samd i at dette er ein viktig problemstilling å ta med seg. Stig Stark-Johansen formidla at det er viktig at industrinæringa er representert i den eventuelle utgreiingsfasen, at dei må vere med som arbeidsgruppe og at dei må kome med innspel til
--	--

	område dei er usikre på o.l. slik at det kjem med i den politiske saka.
Skriftleg innspel frå grunneigar på Vetti og Hjelle i Utladalen, 31.10.2024	I etterkant av grunneigarmøtet 6. september sendte grunneigarane på Hjelle og Vetti inn eit felles innspel til Årdal kommune. Grunneigarane oppmoda i dette innspelet Årdal kommune på det sterkaste til å vidareformidla eit klart nei til omgjerung av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark, og at kommunen også bør seie nei til ei utgreiing av temaet. Grunneigarane presiserer at dei konsentrerer seg kun om eigedomane Hjelle og Vetti. Dei oppsummerer sjølv grunngjevinga for dette synet med desse seks punkta: 1) Omgjerung av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark vil innebera strengare lover og reglar. Det vert også meir byråkrati når ein skal søkja om dispensasjon frå reglane, f.eks. for helikopter- og snøskutertransport. Dette er vanskeleg nok som det er i dag i landskapsområdet! 2) Skoggrensa vil truleg krypa lenger oppover til fjells i åra som kjem. Det er ikkje utenkjeleg at det også vert skog i deler av utgreiingsområdet, for eksempel i Hjelledalen, Fleskenosdalen og i sidedalane på vestsida av Utladalen. Her kan det verta aktuelt å nytta skogen til veding, "tømmer" til reparasjon av bygningsmassen, og frakt med snøskuter. Det vert vanskeleg å få løyve til dette med vernereglar for nasjonalpark. 3) Vi har planar om kultivering av fiskevatn, for eksempel Hjelledalsvatnet for å få opp fiskebestanden. Hjelledalsvatnet og området rundt er no delvis i det som er markert som utgreiingsområde. Det er naudsynt med ein liten båt og eit båtskjul, og transport til vatnet. Etter mykje byråkratisk bråk har vi fått til dette i Øytjørni som ligg i landskapsvernområdet. I ein nasjonalpark vert dette mykje vanskelegare. 4) I følge Statsforvaltraren er det mest aktuelt med nasjonalpark over skoggrensa. Men som nemt over, skoggrensa flytter seg og i framtida kan deler av det som no er markert som utgreiingsområde bli liggande i skog. 5) Statsforvaltaren seier: "Den bruken som vi har i dag (beite, jakt, fiske og frilftsliv) kan fortsetje som før [vår forståing er: ... fortsetja som no]". Det er ikkje aktiv gardsdrift i dag på eigedomane. Det var fluorutsleppa frå Årdal Metallverk som sette ein bråstopp for gardsdrifta for nokre tiår sidan, så "den bruken vi har i

	dag" er ei fylgje av dette. Det kan godt tenkjast at komande generasjonar vil ta opp att gardsdrifta med stor aktivitet i frodige Hjelledalen, Fleskenosdalen, Vettismorki og sidedalane vest for Utladalen, f.eks. med fjellgeiter og villsau. Utvida vern i området vil gjera dette vanskeleg. 6) Vi har no løyve til uttransportering av felt elg og hjort i Utladalen landskapsvernområde med helikopter. I forskriftene for nasjonalpark står det berre at slik ferdsel er tillate i samband reindrift. I dag er det elgjakt og hjortejakt i deler av utgreiingsområdet. Dersom det vert reetablert villreinstamme (slik det var før), vil felling og uttransportering vera aktuelt i store deler av utgreiingsområde, f.eks. på Øytjørnnåsi og opp mot Hjelledalstind, på Stølsnosi og opp mot Friken. Til slutt presiserer grunneigarane at dette innspelet kun tek føre seg endra verneform på eigedomane til Hjelte og Vetti, og at dei også har synspunkt på andre delar av området, men at dei vil ta dette seinare i eit evt. møte eller over telefon.
Møte med Årdalstangen idrettslag, Jotun idrettslag, Norsk Folkehjelp, For folk og fjell, og Årdal kommune, 15. november 2023	Kommunedirektør Stig Stark-Johansen ynskte velkommen og orienterte om saksgangen så langt. Halvor Røssum frå Statsforvaltaren i Vestland heldt ein presentasjon om bakgrunnen for oppdraget og viste kart med aktuelle utgreiingsområde. Det kom fleire spørsmål og innspel frå møtedeltakarane: Thorbjørn Haug frå Norsk Folkehjelp fortalde at folkehjelpen synes det er vanskeleg å forhalde seg til at Innlandet og Vestlandet opererer med ulike kriterium for godkjenning av motorferdsel med snøscooter, og at det er ulik praksis angående om det definerast som kjentmannskøyting eller øvingskøyting. Det blei også informert om at redningstenesta har ein del transportoppdrag frå jeger- og fiskeforeininga i området aust for Mannsbergvatnet, og at dei ser utfordringar viss det viste kartet blir realisert. Stig Stark-Johansen forklarte at dette området allereie er mykje utbygd og at det difor moglegvis er mindre aktuelt å inkludere. Magne Knudsen frå Årdalstangen Idrettslag er tidlegare lensmann og informerte om at dei har forholdt seg til ein plan for motorferdsel, og at det har vore eit ønske om å hjelpe folkehjelpen. Han sa det er like viktig at bl.a. Jotun IL har same kompetanse og også kan øvekøyre, og at det er viktig at dei er kjende i området. Han har heller aldri opplevd at tillit

	misbrukes når det gjeld motorferdselsløyve. Halvor Røssum sa at representantar frå redningstenesta bør være med i arbeidsgruppa viss det blir eit ja til konsekvensutgreiing, slik at deira synspunkt blir vurderte i den vidare prosessen. Magne Knudsen nemnde også at det er viktig at det er same reaksjon mot fritidskøyning i Vestland som i Innlandet. Han sa også at det er stor skilnad på ferdsel mellom vinter og sommar, og at ein må ha godkjende løyper folk kan nytte seg av for motorisert ferdsel. Svein Hove, frå For folk og fjell, formidla at det er liv og helse det er snakk om, og at forholda i vinterfjellet kan endre seg raskt. Han var tidlegare leiar ved Hydro Energi og fortalte at dei hadde eit bra samarbeid med tilsynsmyndigheitene, slik at dei visste kven som hadde vore der og køyrt. Audun Hestetun (Jotun IL), Taryn Malkhassian og Martin Ramsland Stensaker (begge frå Årdal kommune) lurte på korleis det er teke omsyn til at skoggrensa kryp oppover, sidan Statsforvaltaren har sagt at dei ikkje ønskjer å inkludere skog i verneområdet. Halvor Røssum svarte at områda som er vist på kartet som aktuelle utvidingsområde ikkje har teke omsyn til at skoggrensa kan stige, og at grunnen til at det ikkje er ønskjeleg å inkludere skog er at det blir handtert gjennom ein annan type frivillig vern i samarbeid med grunneigarar. Taryn Malkhassian stilte spørsmål om det vil vere mogleg å etablere ny framtidig beitedrift, fiske og jakt. Halvor Røssum svarte at jakt og fiske skal vere mogleg (kanskje ikkje kommersiell drift) og at beite er lov. Han sa òg at det er bruken på vernetidspunktet som skal kunne halde fram når det gjeld gardsdrift. Taryn Malkhassian nemnde òg at Vestland skal vere ein jervfri sone, og lurte på om dette vil endre seg med ein nasjonalparkstatus. Halvor Røssum svarte at bestandsmåla ikkje vert påverka av kva vernestatus området har. Rovviltforliket i Stortinget gir rammer for forvaltninga av rovvilt i Norge. Det er den regionale rovviltnemnda som har ansvar for at bestandane av rovvilt vert opprettholdt på det nivået som Stortinget har fastsatt. Stig Stark-Johansen tok opp temaet om tunnelar under verneområde. Det er eit stort nettverk av tunnelar i området, og han stilte spørsmål om dette er noko departementet er klar over og om det er teke omsyn til, og lurte på om dette er noko Statsforvaltaren har diskutert. Halvor Røssum svarte at dei ikkje har klarert dette enno.
--	--

	Audun Hestetun uttrykte bekymring for at søknadsprosessen for å få kjentmannskøyering i området rundt Fardalen/Murane/Gravdalen vil bli tungvinn. Per i dag har idrettslaget fritt løyve til å utføre denne oppgåva i gjeldande område. Han sa også at løyva bør vere utforma slik at dei ikkje er avgrensa til spesifikke dagar, då verforhald kan gjere det umogleg å køyre denne/desse dagane. Det bør også vere ein viss fleksibilitet på kvar traseen skal leggjast, slik at ein kan ta omsyn til dei rådande snøforhalda. Halvor Røssum svarte at det er Nasjonalparkstyret som forvaltningar området og dermed også dei som handsamar søknadar om motorferdsel. Stig Stark-Johansen forklarte at det er eit dilemma at ein ved utviding av nasjonalparken ønsker å tilretteleggje for fleire besøkande som kan auke slitasje i naturen, samtidig som ein ønsker å verne sårbar natur. Anne-Stine Kvarstein (frå For folk og fjell) nemnde døme på andre verneområde der ferdsel har ført til store slitasjeskader, og at ho har sett ein stor auke i ferdsel nokre plassar dei siste åra. Ho trur ikkje utviding av Jotunheimen vil føre til stor auke i turisme, då det i dag er så mange valmoglegheiter for stader som kan besøkast. Stig Stark-Johansen nemnde at det er ønskeleg å leggje til rette for styring av ferdsel med stiar og skilting, m.m. Halvor Røssum forklarte at temaet om auka ferdsel blei teke opp i Luster, og at måten dei tok spørsmålet vidare på er at det skal utgreiast vidare i konsekvensutgreiinga; om det er mogleg å få til betre besøksforvaltning, t.d. gjennom betre kanalisering av ferdsel. Albert Berveling stilte spørsmål om det er ulik praksis blant ulike nasjonalparkstyrer. Stig Stark-Johansen svarte at styret er representert med ordførarar frå kommunane og at dei kan ha ulike meiningar, men at det også er ulik natur som gjer at det truleg ikkje er realistisk å ha lik praksis i ulike styrer. Halvor Røssum sa at lokale forskjellar er fornuftig. Albert Berveling nemnde at det kan vere eit mogleg dilemma at nasjonalparkstyret består av ordførarar frå forskjellige kommunar med ulike interesser og meiningar. Stig Stark-Johansen svarte at vestsida (Årdal og Luster) er representert med færre politikarar, og at østsida dermed stiller sterkt. Anne-Stine Kvarstein spurde om det er mogleg at nasjonalparken blir delt inn i soner med ulik forvaltning. Halvor Røssum svarte at det ligg utanfor mandatet til denne prosessen. Svein Hove og Albert Berveling understreka at eit tankekors med varig vern er at ein vernar for etterkommarane si skuld, at
--	---

	ein bør tenkje på komande generasjonar. Stig Stark-Johansen fortalte at kven som skal sitje i arbeidsgrupper i ein eventuell utgreiingsfase er viktig, og at flest mogleg lokale representantar bør vere med, både frå næring, fritid og andre interesser. Til slutt formidla han at det er ønskjeleg at møtedeltakarane kjem med skriftlege innspel om saka.
Innspel etter møte, frå «For folk og fjell», 21.11.2023	I etterkant av møtet 15. november 2023 sendte «For folk og fjell» inn eit innspel der dei skriv at dei meiner Årdal bør stille seg positive til ei utviding av Jotunheimen nasjonalpark. 1) Verne økosystem og bevare biologisk mangfald Årdal har ein storslegen natur, som er sårbar for klimaendringar og utrydding av artar på grunn av menneskeleg påverknad. Utvidinga av nasjonalparken kan bidra til å verne sårbare økosystem og trua artar som finst i området. Dette er viktig for det biologiske mangfaldet og for å sikre ein sunn og balansert natur. 2) Friluftsliv og turisme Nasjonalparken gjev folk moglegheit til å oppleve den storslåtte naturen og nytta friluftslivet. Ei utviding kan gje fleire menneske tilgang til unike naturopplevingar og dermed fremja friluftsliv og turisme i området. Turisme er ein viktig næring for mange område, og ei utviding av nasjonalparken kan tiltrekka fleire besøkjande. Dette kan skape arbeidsplassar og auke inntektene for lokale bedrifter, som overnatting, serveringsstader og guidar. 3) Kulturhistorie Jotunheimen har ein unik kulturell og historisk verdi, med sine fjell, innsjøar og gamle fjellgardsbruk. Å bevare dette området for komande generasjonar vil bidra til å ta vare på ein viktig del av norsk kulturarv. 4) Karbonlager Nasjonalparkar spiller og ei rolle i å bevare naturområde som kan fungere som karbonlager og bidra til reduksjon av klimagassar. Dette er viktig i lys av klimaendringar, og ein treng å verne om biotopar med slik eigenskap. 5) Arva til komande generasjonar Årdal kommune har eit tungt ansvar som nasjonalpark-kommune. "For folk og fjell" meiner kommunen sin viktigaste samfunnsoppgåve i åra som kjem, er å ta vare på naturen til generasjonane som kjem etter oss. Årdal er ein stolt industrikommune, men som og har eit viktig ansvar for

	utryddingstrua artar og natur som stadig tapar terreng. Som nasjonalpark-kommune ligg ansvaret ekstra tungt på kommunen, som ikkje skal bidra til tiltak som bygger ned natur. Til sist peiker «For folk og fjell» på at det er viktig at Årdal kommune vurderer nøye både dei positive og negative sidene ved eit utvida vern, og at denne prosessen bør inkludere konsultasjon med lokalbefolkninga og andre interesser.
Uttale i samband med mogleg utviding av Jotunheimen, frå Årdal Turlag	Årdal Turlag meiner kommunen bør stille seg positive til den føreslegne utvidinga. Dei peiker på at vern er eit godt verkemiddel for å avverje tap av meir natur og tryggje kommande generasjonar sine høve til å nyte dei same naturopplevingane som vår generasjon har. Vidare trekk dei fram nasjonalparksenteret i Utladalen som eit godt døme på gode ringverknadar eit vern kan gi. I innspelet skriv dei at Årdal sitt sterkaste kort i ei satsing på turisme er naturen, og dei meiner difor det bør tas grep for å tryggje ei berekraftig forvaltning av denne. Ei utviding av nasjonalparken vil også kunne verke positivt for bulysten i Årdal – naturen blir ofte trekt fram av til- og heimflyttarar som noko av det som gjer Årdal til ein attraktiv stad å bu.
Innspel og tankar frå Årdal jeger- og fiskerforening	Årdal jeger- og fiskeforening skriv i sitt innspel at dei meiner Årdal kommune skal seie ja til utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Årdal jeger- og fiskeforening viser til kvalitetsnorm for villrein der Vest-Jotunheimen villreinområde har fått status «gul – middels». Utvidingsområda er viktige for den arealkrevjande villreinen. Eit utvida vern kan vere med å sikre viktige trekkpassasjar for villreinen. Årdal og Luster er villreinkommunane i Jotunheimen, og er difor dei som må vareta villreininteressene i nasjonalparken. Vidare skriv dei at urørt natur er viktig for at oppveksande generasjonar skal få ei interesse for å ivareta naturen forstå naturens samanhengar, og at endringar har konsekvensar. Folk sin bruk, kunnskap og stoltheit er vidare viktig for å forvalte naturen på ein berekraftig måte framover. Vern av natur gir også lokalsamfunnet økonomiske fordelar, til dømes gjennom at det trekker fleire turistar til kommunen som også vil utnytte seg av andre tilbod. Eit utvida vern av nasjonalparken vil også bidra til å gi forutsigbarheig for politikarar og arealplanleggarar – då dei framtidige rammene for arealbruken i dette område då vil vere klare.

	Til slutt konkluderer Årdal jeger- og fiskeforening med at Årdal kommune, som både nasjonalpark-kommune og villreinkommune, har roller som forpliktar i desse tider da bevaring av natur og berekraft er tema, og at det å utvide vernegrensene vil vere eit bidrag til å sikre mot vidare nedbygging av den fantastiske naturen Årdal har.
--	--

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Adresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger | E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/vestland

